



Møteprotokoll

Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Høgskulen i Volda, Hans Strøm, HS 227, 12.30-14.30, Volda samfunnshus, festsalen 14.45
Dato:	24.02.2026
Tid:	kl. 12.30 - 18.35

Frammøtte	Representerer	Funksjon
Margrete Trovåg	Ap	medlem
Sverre Leivdal	Ap	varaordfører
Bjørnar Fylling	Frp	medlem
Heidi Berg-Rusten Grevstad	H	medlem
Jørund Stig Knardal	KrF	medlem
Ola Perry Saure	SP	medlem
Sølvi Dimmen	SP	ordfører

Forfall	Representerer	Varamedlem	Representerer
Sindre Rotevatn	H	Dan Helge Bjørneset	H
Kari Aslaug Hasle	SV	Gunnar Strøm	SV

Andre som møtte:

Kommunalsjef samfunnsutvikling, Tor Halvar Flacké Botnen
Kommunedirektør Rune Sjurgard
Eigedomssjef Kjell Magne Rindal
Norhus ved Einar Holsvik og Odd Erik Hovden – OS 31/26
Økonomisjef Kari Mette Sundgot
Grindaker på videolink - OS 28/26

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 12/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/511
PS 13/26	Godkjenning av protokoll	26/511
PS 14/26	Orienteringar	26/511
OS 27/26	Demokratisenter på Søre Sunnmøre	26/511
OS 28/26	Områderegulering Volda sentrum	26/511
OS 29/26	Status for arbeid med bustadpolitisk handlingsplan – samanheng med heilskapleg innsatstrapp og bustadtrapp	25/1507
OS 30/26	Moritzmarka – mogleg framtidig utvikling i Volda	19/10189
OS 31/26	Bustadmarknaden i Volda	26/511
OS 32/26	Sal av kommunale eigedomar	24/4827
OS 33/26	Grunnerverv Sjukehusvegen	19/10189
OS 34/26	Månadsrapport økonomi januar 2026	26/511
OS 35/26	KS - høyring kommunekommisjonen NOU 1	19/10189
OS 36/26	Tilbakemelding - vidareføring av avtale om personvernombod	22/5117
PS 15/26	Høyringsinnspel FYLKESSTRATEGI FOR SAMFERDSEL 2027-2030	25/4094
PS 16/26	Klage på avslag om unntak frå søknadsplikt for tidsbestemt bruksendring til asylmottak - Morksenteret	26/356
PS 17/26	Delegerte saker	26/511

Volda, 25.02.2026

Sølvi Dimmen
ordfører

PS 12/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknad.

Behandling:

Formannskapet hadde først OS 27/26 til handsaming på Høgskulen i Volda. Der var ni røysteføre. Deretter vart resten av møtet halde på Festsalen på Samfunnshuset.

Det var åtte røysteføre ved møtetstart.

Heidi Berg-Rusten Grevstad (H) ber om at endringar i saklista og oppmøtestad vert lasta opp i møteportalen.

Sverre Leivstad (AP) etterspurde brev som vart sendt frå Hornindal grendeutval. Ordførar orienterte om at brevet kom dagen før formannskapsmøtet. Dokumentet vart lagt til OS 32/26 i møtet.

Gunnar Strøm møtte. Det var ni røysteføre.

Gunnar Strøm (SV) kommenterte at det var kort tid for skifte av lokale frå HVO til Volda samfunnshus.

Det var elles ingen merknadar til innkallinga.

PS 13/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Saka vart samrøystes utsett då møteprotokollen ikkje låg ved.

Behandling:

Saka vart samrøystes utsett då møteprotokollen ikkje låg ved.

PS 14/26 Orienteringar

Vedtak:

Orienteringssakene vart tekne til vitende.

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
27/26	Demokratisenter på Søre Sunnmøre
28/26	Områderegulering Volda sentrum

29/26	Status for arbeid med bustadpolitisk handlingsplan – samanheng med heilskapleg innsatstrapp og bustadtrapp
30/26	Moritzmarka – mogleg framtidig utvikling i Volda
31/26	Bustadmarknaden i Volda
32/26	Sal av kommunale eigedomar
33/26	Grunnerverv Sjukehusvegen
34/26	Månadsrapport økonomi januar 2026
35/26	KS - høyring kommunekommisjonen NOU 1
36/26	Tilbakemelding - vidareføring av avtale om personvernombod

Behandling:

Orienteringssakene vart tekne til vitende.

OS 27/26 Demokratisenter på Søre Sunnmøre

Behandling:

Formannskapsmedlemmene deltok på innspelsmøte om demokratisenter på Høgskulen i Volda.

OS 28/26 Områderegulering Volda sentrum

Behandling:

Grindaker er engasjert av kommunen til å utarbeide forslag til områdeplanen for Volda sentrum. Grindaker hadde laga ein presentasjon på førehand og svarte på spørsmål i møtet.

Kommunalsjef samfunnsutvikling, Tor Halvar Flacké Botnen, svarte på spørsmål frå formannskapet.

OS 29/26 Status for arbeid med bustadpolitisk handlingsplan – samanheng med heilskapleg innsatstrapp og bustadtrapp

Behandling:

Kommunedirektør Rune Sjurgard svarte på spørsmål frå formannskapet.

OS 30/26 Moritzmarka – mogleg framtidig utvikling i Volda

Behandling:

Eigedomssjef Kjell Magne Rindal orienterte og svarte på spørsmål frå formannskapet.
Kommunedirektør Rune Sjurgard svarte på spørsmål frå formannskapet.

OS 31/26 Bustadmarknaden i Volda

Behandling:

Norhus ved Einar Holsvik og Odd Erik Hovden presenterte bustadmarknaden i Volda slik dei som utbygger ser marknaden.

OS 32/26 Sal av kommunale eigedomar

Behandling:

Eigedomssjef Kjell Magne Rindal orienterte og svarte på spørsmål frå formannskapet.

Dokumentet frå Hornindal grendelag vart lagt til saka i møtet.

OS 33/26 Grunnerverv Sjukehusvegen

OS 34/26 Månadsrapport økonomi januar 2026

Behandling:

Økonomisjef Kari Mette Sundgot orienterte om rekneskapet for 2025 og økonomi januar 2026.

OS 35/26 KS - høyring kommunekommisjonen NOU 1

Behandling:

Høyringssvaret ligg ved som orientering. Det er tidlegare avtale at saka vert drøfta i partigruppene, før Kommunestyret gjev endeleg uttale.

OS 36/26 Tilbakemelding - vidareføring av avtale om personvernombod

PS 15/26 Høyringsinnspel FYLKESSTRATEGI FOR SAMFERDSEL 2027-2030

Vedtak:

Volda kommune stiller seg i hovudsak positiv til dei overordna målsetjingane i strategien. Samstundes ønskjer vi å peike på nokre forhold der vi meiner strategien i for liten grad svarar på dei behova kommunane opplever lokalt.

Strategien framstår som lite konkret når det gjeld fylkesveggar og lokale tilhøve. For kommunane er fylkesvegnettet heilt avgjerande for trafikkssikkerheit, næringsliv, busetjing og dagleg mobilitet. Vi meiner strategien i større grad bør synleggjere prioriteringar knytt til opprusting, standardheving og framkome på fylkesvegane, særleg i distrikta.

Vidare opplever vi at ferjedrift og skyssbåt har fått avgrensa merksemd i strategien. For mange lokalsamfunn er desse tilboda ein integrert del av vegnettet og ein føresetnad for både arbeidspendling, skuleskyss og tilgang til tenester. Regularitet, føreseieleg drift og tilstrekkeleg kapasitet er avgjerande for tilliten til kollektivsystemet. Dette er også eit viktig moment i beredskapssamanheng.

Trafikktryggleik må prioriterast endå tydelegare. Volda kommune meiner mellom anna at overtaking og finansiering av veglys langs alle fylkesveggar bør inngå som ein del av fylkeskommunen sitt ansvar. God belysning er eit konkret og effektivt tiltak for å betre tryggleiken for både mjuke og motoriserte trafikantar samstundes som den kommunale økonomien ikkje tillet å bere kostnadane for dette.

Vi vil også peike på at det er stor avstand mellom fylkeskommunen sine målsetjingar om kommunal medverknad i utviklinga av kollektivtilbodet og den opplevde realiteten. Kommunane sit med viktig lokalkunnskap om reisebehov, skulestruktur, bustadutvikling og næringsliv, og denne kompetansen bør i større grad nyttast i planlegging og prioritering av rutetilbod.

Det vert etter vår vurdering satsa for lite nytt for å auke regulariteten i kollektivtrafikken. Regularitet og føreseielegheit er avgjerande for motivasjonen til å velje buss og kollektivtransport framfor privatbil. Skal ein nå mål om auka kollektivbruk og reduserte utslepp, må satsinga på driftssikkerheit, frekvens og samanheng i rutetilbodet styrkast. Dette er avgjerande for å nå klimamåla.

Avslutningsvis vil Volda kommune understreke at gode fylkesveggar og eit påliteleg kollektivtilbod er grunnleggjande infrastruktur for både inkludering, verdiskaping og berekraftig utvikling i heile fylket. Vi forventar at dei ambisiøse målsetjingane i strategien vert følgde opp med tilstrekkelege ressursar og tydelege prioriteringar i økonomiplan og handlingsprogram.

Behandling:

Røysting (9 røysteføre):

Det vart røysta over tilrådinga frå kommunedirektøren. Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

Volda kommune stiller seg i hovudsak positiv til dei overordna målsetjingane i strategien. Samstundes ønskjer vi å peike på nokre forhold der vi meiner strategien i for liten grad svarar på dei behova kommunane opplever lokalt.

Strategien framstår som lite konkret når det gjeld fylkesvegar og lokale tilhøve. For kommunane er fylkesvegnettet heilt avgjerande for trafikkssikkerheit, næringsliv, busetjing og dagleg mobilitet. Vi meiner strategien i større grad bør synleggjere prioriteringar knytt til opprusting, standardheving og framkome på fylkesvegane, særleg i distrikta.

Vidare opplever vi at ferjedrift og skyssbåt har fått avgrensa merksemd i strategien. For mange lokalsamfunn er desse tilboda ein integrert del av vegnettet og ein føresetnad for både arbeidspendling, skuleskyss og tilgang til tenester. Regularitet, føreseieleg drift og tilstrekkeleg kapasitet er avgjerande for tilliten til kollektivsystemet. Dette er også eit viktig moment i beredskapssamanheng.

Trafikktryggleik må prioriterast endå tydelegare. Volda kommune meiner mellom anna at overtaking og finansiering av veglys langs alle fylkesvegar bør inngå som ein del av fylkeskommunen sitt ansvar. God belysning er eit konkret og effektivt tiltak for å betre tryggleiken for både mjuke og motoriserte trafikantar samstundes som den kommunale økonomien ikkje tillet å bere kostnadane for dette.

Vi vil også peike på at det er stor avstand mellom fylkeskommunen sine målsetjingar om kommunal medverknad i utviklinga av kollektivtilbodet og den opplevde realiteten. Kommunane sit med viktig lokalkunnskap om reisebehov, skulestruktur, bustadutvikling og næringsliv, og denne kompetansen bør i større grad nyttast i planlegging og prioritering av rutetilbod.

Det vert etter vår vurdering satsa for lite nytt for å auke regulariteten i kollektivtrafikken. Regularitet og føreseielegheit er avgjerande for motivasjonen til å velje buss og kollektivtransport framfor privatbil. Skal ein nå mål om auka kollektivbruk og reduserte utslepp, må satsinga på driftssikkerheit, frekvens og samanheng i rutetilbodet styrkast. Dette er avgjerande for å nå klimamåla.

Avslutningsvis vil Volda kommune understreke at gode fylkesvegar og eit påliteleg kollektivtilbod er grunnleggjande infrastruktur for både inkludering, verdiskaping og berekraftig utvikling i heile fylket. Vi forventar at dei ambisiøse målsetjingane i strategien vert følgde opp med tilstrekkelege ressursar og tydelege prioriteringar i økonomiplan og handlingsprogram.

PS 16/26 Klage på avslag om unntak frå søknadsplikt for tidsbestemt bruksendring til asylmottak - Morksenteret**Vedtak:**

Formannskapet kan ikkje sjå at klaga kjem med nye opplysningar som gir grunn til endra konklusjon i saka.

Klaga vert derfor ikkje imøtekomen og vert sendt over til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd.

Behandling:

Røysting (9 røysteføre):

Det vart røysta over tilrådinga frå kommunedirektøren. Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet kan ikkje sjå at klaga kjem med nye opplysningar som gir grunn til endra konklusjon i saka.

Klaga vert derfor ikkje imøtekomen og vert sendt over til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd.

PS 17/26 Delegerte saker**Vedtak:**

Deleringssakene vart tekne til vitende.

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
03/26	Vedtaksbrev - skjenkeløyve 01.08.26 Grobygget og Groparken (inne og uteservering)
01/26	Vedtaksbrev - Skjenkeløyve Dokumentarfilmfestivalen 30.04-03.05 Volda Samfunnshus
02/26	Vedtaksbrev -skjenkeløyve Fyrlykta kulturhus 14.02.26

Behandling:

Deleringssakene vart tekne til vitende.